



Slik ser Isocamp ut (biletet er vedlagt søknaden til Skjoldal).

**Sigmund Skjoldal i Tønsberg har på vegne av sin bror Odd og seg sjølv søkt kommunen om å få setta opp to Isocamp inntil deira allereie plasserte campingvognar på Øyro Marina og Camping i Uskedalen.**

Skjoldal peikar på behovet for stabile konstruksjonar i staden for vanlege fortelt då fortelta allereie har blese ned to gongar.

Han er busett i Tønsberg og "det er ikkje bare å svippe over fjellet for å redde stumpene", skriv han i søknaden. Skjoldal peikar på at stabile konstruksjonar vil sjå meir skikkelege ut til kvar tid og han ser det og som ein fordel at Isocamp er rask å montera og fjerna.